

Hyttene i Ulvik statsallmenning

Rundavassbu

Koordinatinfo: 32V 0072916 6739532
Kartblad: 1416 III Kartref: 015 - 161



Steinbu i eit rom. Støyppt nytt golv og laga nye benker/senger i 2011. Vedomn og noko kjøkenutstyr. 2/3 liggeplassar. Enkel standard. Ligg ovanfor Rundavatnet som har god fiskebestand. Snittvekt 2015 var 500-600 gr. Open.



Rundavassbu

Memorgebu

Koordinatinfo: 32V 0080171 6744495
Kartblad: 1416 III Kartref: 082 - 211



Steinbu i eit rom, 11 m2. Hytta vart sett i stand i 1983 med nytt tak og drenering av vatn, nytt golv og omn. Vedomn, 3 bluss propanapparat og noko kjøkenutstyr. 2-3 liggeplassar. Enkel standard. Låst.



Fin aure frå Memorgevatna, snittvekt ca 700-800 gram.

Søre-Grøndalshytta

Koordinatinfo: 32V 0073116 6747136
Kartblad: 1416 III Kartref: 008 - 234



Hytta vart oppført i 1952 og består av 2 rom, 20m². Vedovn, 3 bluss propanapparat, kjøkenutstyr, 4 liggeplassar. Tilhøyrande naust, 15m² med båt og garn.

Uthus med utedo. Søre-Grøndalsvatnet har mykje god aurebestand. Snittvekt 2015 var 300-400 gr. Alle som leiger hytta kan nytte garn i vatnet. Låst.



Søre grøndal

Ripsebu

Koordinatinfo: 32V 0072916 6739532
Kartblad: 1416 III Kartref: 015 - 161



Hytta oppført i 1984 består av 2 rom, 23m². Vedovn, 3 bluss propanapparat og kjøkenutstyr. Hytta har gang og kombinert sove/opphaldsrom m 2 køyer og benk. Det er og ei køye i gangen. Utedo/vedbod. Båt tilgjengeleg for brukarar av hytta. Fleire gode fiskevatn innanfor kort gangavstand. Låst

Ripsebu

Dyraholhytta

Koordinatinfo: 32V 0075791 6746741

Kartblad: 1416 III Kartref: 036 - 233

Hytta er på 25m² og vart oppført i 1988.
Omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6
personar. Hytta har gang, soverom m/ 4
køyer, kombinert kjøken/stove og hems.
5 garn i hytta. Låst



Dyrehola

Lengjedalsbu

Koordinatinfo: 60°36'37'' 7°35'52''
Kartblad: 1416 II Kartref: 234 - 204



Lengjedalsbui

Steinbu i eit rom. Bua vart sett i stand på slutten av 70 åra, nytt torvtak i 1987. Vedomn og noko kjøkenutstyr. 2/3 liggeplassar. Enkel standard. Open.

Austdalsbu

Koordinatinfo: 32V 0074494 6743772
Kartblad: 1416 III Kartref: 026 - 202

Gamal steinbu m/ takluke, ca 8 m2. Nyrestaurert innvendig sommaren 2015. Vedomn, propanbluss samt noko kjøkenutstyr. 2 liggeplassar. Open.



Austdalsbui

Sankebu

Koordinatinfo: 32V 0074203 6743868

Kartblad: 1416 III

Bua, storleik 32 m2 inneheld vindfang/gang, soverom, opphaldsrom m/kokeplass, hems og utedo. Liggeplass for 4/6 personar. Låst.



**Alle fjellstyrehyttene som er låst kan leiges hos Ulvik fjellstyre. Kontaktperson:
Harald N. Andersen 90 21 36 85**

Finsebu

Koordinatinfo: 32V 0090654 6741598

Hytta har eit areal på ca 80 m², har stove med kjøkkenkrok, 3 soverom, 10 liggeplassar, vedbod, entre, ny snurredass og vaskerom, innlagt straum, elektrisk komfyr og kjøleskåp ++. Det er kjøkkenutstyr for 12 personar. Hytta har ikkje innlagt vatn, men det renn ein liten bekk rett ved hytta der ein finn vatn. Finsebu ligg lett tilgjengeleg omlag 700 m frå Finse jernbanestasjon. Låst. Kan leiges på Inatur.no

